



Arbeidsgruppe: Tilpassing av rådhusa

Mandat for arbeidsgruppa:

Sjå på korleis rådhusa best kan tilpassast ut frå dei funksjonane som skal plasserast i det einskilde rådhus.

Utarbeide ei skisse for korleis flytteprosessen best kan ivaretakast på ein god måte.

Samansetting av arbeidsgruppa:

Astrid J. Eidsvik, leiar av gruppa

Roar Reiten

Malin Piegsa

Ole Andreas Sjøvik

Anne Bente Skjellum

Frode Nordstrand, tillitsvald

Geir Lorentzen, tillitsvald

Lars Marius Rindal, hovudverneombod

Ved gjennomgang av Ålesund rådhus som vi startar med, deltek Kai Rune Gjervik, Rådhusbygg A/S og Tiago Carvalho, ÅKE.

Møtetidspunkt: 4. juni 2019 kl. 14.00 – 16.00

Til stades: Roar, Malin, Ole, Frode, Lar Marius, Kai Rune Gjervik og Tiago Carvalho. Anne Bente Skjellum deltok i den siste timen av møtet.

Innleiing

Astrid klargjorde kva ho ønska å formidle i videoen som er lagt ut på nettsidene og facebook. Det vart presisert følgjande:

Det viktige er å legge til rette for godt arbeidsmiljø og tilpasse arbeidsplassane på ein slik måte at måla våre med tverrfagleg samarbeid, fleksible løysingar med arbeidsplassane som er i samsvar med utviklinga i arbeidslivet generelt, blir ivareteke. Det må derfor leggjast til rette for både kontorlandskap/arbeidsfellesskap med tilhøyrande stillerom og møterom, og cellekontor for dei som må ha dette og ønskjer dette.

Vi tek den tid vi treng i arbeidet. Det er viktig å få tilbakemeldingar frå dei tilsette både undervegs i arbeidet og når arbeidsgruppa har kome med forslaget sitt.



Vi startar med å sjå på 10. etasje for deretter å sjå på 1. og 2. etasje i rådhuset i Ålesund.

Vi har avgrensingar i arbeidet vårt:

- Vi har pr. i dag ikkje budsjett til å gjere ombyggingar. Dette må byggjast inn i budsjettet for 2020. Vi må i utgangspunktet vere nøkterne i arbeide vårt.
- Reint bygningsmessing har rådhuset i Ålesund avgrensingar. Der er ei midtsone i alle etasjer som ikkje kan rørast. Ein må også ta omsyn til ventilasjon ved tilpassing av nye kontor/landskap.

Ellers gav Astrid uttrykk for at vi skal planlegge cellekontora ut frå 2-akser. Vi skal ha gode møterom, slik at det er i hovudsak desse som skal brukast når det er behov for møteaktivitet.

Etter innleiinga fekk tillitsvalde og vernetenesta gitt uttrykk for misnøye knytt til det som har blitt kommunisert ut før arbeidsgruppa trådde i kraft. Det vart også vist til forskningsrapportar som viser at landskap verken fremmer effektivitet eller gode arbeidsmiljø.

Følgjande blir derfor teke med i referatet:

Tillitsvalgte og verneombud er uenige i inngangen til prosessen. Tillitsvalgte og verneombud mener at det forut for arbeidet i arbeidsgruppa burde blitt kjørt en grundigere debatt/prosess der de ansatte og deres representanter hadde fått medvirket i forhold til hvilke arbeidsformer vi skal ha i nye Ålesund. Der forskningsresultat og de ansattes meninger blir tillat stor vekt når beslutningene om dette skal tas. Herunder også forskningsresultat og meninger angående cellekontor kontra kontorlandskap. Tillitsvalgte og verneombud er redd for at det nå kan bli tatt beslutninger som ikke er godt nok forankret hos de ansatte.

Etter ein del diskusjon fram og tilbake knytt til om landskap er gode eller dårlege løysingar for kommunen framover, vart vi samde om å legge denne debatt litt til sides for å sjå konkret på innhald i dei ulike etasjane. Deretter tek vi diskusjonen etter kvart om kva som vel vere best eigna – landskap eller cellekontor ut frå funksjonar som skal fyllast.

10. etasje

Denne etasjen treng i utgangspunktet opp-pussing. Etasjen er i hovudsak i dag slik den vart bygd på 70-talet.

Vi er samd om at desse skal sitje i 10. etasje:

Ordførar, varaordførar, leiar av politisk sekretariat, rådmann, ass. rådmann, 6 kommunalsjefar, 4 stabssjefar, kommunikasjonssjef og sekretariatet for rådmannen/leiargruppa. Dette er til saman 19 arbeidsplassar.

Deretter vart vi førebels samde om at desse bør også sitje i 10 etasje:

Øvrig politiske sekretariat og kommunikasjon – til saman 10 arbeidsplassar inkl. gjestearbeidsplassar. Vi meiner også at 3 rådgjevarstillingar og kommuneadvokatkontoret bør sitje i 10. etasje – til saman 9 arbeidsplassar.

I tillegg må der vere fleire møterom og stille rom.

Ei skisse som Ole, Tiago og Kai Rune arbeidar vidare med, er følgjande:

Ordfører, varaordfører og leiar politisk sekretariat får cellekontor og blir plassert i sørvestre del av 10. etasje. Ordfører får 4-akser kontor, varaordfører 3-akser kontor, leiar politisk sekretariat 2- akser kontor.

Sørøstre del av 10. etasje blir planlagt som landskap.

Heile sørdelen av 10. etasje blir disponert til leinga av den nye kommunen. Forslaget er ein kombinasjon av landskap, cellekontor, møterom og stille rom.

Nordre del av 10. etasje blir landskap. Forslaget er at resten av politisk sekretariat og kommunikasjon blir plassert her.

Resten av nordre del av 10. etasje blir i hovudsak cellekontor, med nokre stille kontor. Forslaget er at kommuneadvokatane plasserast her saman med rådgjevarar. Det kan også vere ei muligheit å ha kontorfellesskap i denne delen.

Neste møte onsdag 19. juni kl. 14.00 – 16.00.

Astrid J. Eidsvik

